

MØTEPROTOKOLL

Kommunestyret

Møtedato: 20.06.2007
Stad: Kommunestyresalen

Handsama saker: Frå nr. 29 - 37

Frå kl. 17:00 til kl. 19.45

Innkalte:

Funksjon	Navn	Forfall	Møtt for
Medlem	Dagfinn Bøygaard	FO	
Varaordfører	Tore Bøygaard		
Medlem	Terje Holstad		
Medlem	Ole Tom Nord		
Medlem	Lise Løvdokken Stolen		
Medlem	Torhild M Helling Bergaplass		
Medlem	Jens Morten Bogstad		
Medlem	Knut Haug		
Medlem	Frøydis Stoveland Dekko	FO	
Medlem	Inger Elise Kaslegard		
Medlem	Sunniva Vikøy Berg		
Medlem	Ivar Magne Brevik		
Medlem	Knut Oleivsgard		
Medlem	Ingvard Solberg	FO	
Medlem	Kjell Arne Haavaldsen		
Medlem	Per Ove Nybråten	FO	
Medlem	Halvor Brattegard		
Ordfører	Torleif T. Dalseide		
Medlem	Anne Kjersti Frøyen		
Medlem	Eilif Gundersen		
Medlem	John Storhaug		
Medlem	Sissel Urke		
Medlem	Ida Marie Holen		
Medlem	Sverre Leslie Mostue		
Medlem	Tor Veslegard	FO	
Varamedlem	Mai Britt Svartveit		Per Ove Nybråten
Varamedlem	Olav Lappegard		Ingvard Solberg
Varamedlem	Helge Olav Uhlen		Dagfinn Bøygaard
Varamedlem	Ingeborg E K Frydenlund		Frøydis Stoveland Dekko
Varamedlem	Einar Lauvvang		Tor Veslegard
Varamedlem	Kåre Magne Holo		Knut Oleivsgard

Diverse merknader:

Det var ingen merknad til innkalling, sakliste og protokoll frå forrige møte.
Frå administrasjonen møtte rådmann Trond Kleppen .

Underskrifter:

Torleif Dalseide
Ordfører

Inger Elise Kaslegard

Tore Bøygard

Møteprotokollen er sendt:

Medlemmer, faste varamedlemmer for kvart parti og evt. Andre varamedlemmer som møtte, sektorane, rådmannen, kontrollutvalet, revisjonen, økonomiavdelinga, utviklingsavdelinga, eldrerådet, Ål bibliotek og pressa

SAKSOVERSIKT

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
29/07	06/1562	REHABILITERING - ÅL UNGDOMSSKULE BYGGELEIARRAPPORT - FINANSIERINGSBEHOV
30/07	07/524	UTBYGGINGSAVTALE MED ØVRE-ÅLSÅSEN UTVIKLING AS
31/07	06/353	PLAN FOR TRAFIKKTRYGGLEIK 2007-2011
32/07	07/642	REKNSKAP OG ÅRSMELDING ÅL KRAFTVERK KF 2006
33/07	07/645	REVIDERT BUDSJETT 2007 - ÅL KRAFTVERK
34/07	07/736	FELLESKJØKKEN HOL OG ÅL - UTGREIING VEDR MOGLEGE ORGANISASJONSMODELLAR FRÅ 01.05.07
35/07	07/801	STØTTE TIL ETABLERING AV SMÅDYRKLINIKK - VETERINÆRVAKTA I ØVRE HALLINGDAL A/S
36/07	07/902	Unntatt offentlegheit (OfI §6) EIGARSKAP HALLINGKRAFT 2007
37/07	07/950	MELDINGAR OG ORIENTERINGSSAKER TIL KOMMUNESTYRET 20.06.07

**Saksnr. 29/07 REHABILITERING - ÅL UNGDOMSSKULE
BYGGELEIARRAPPORT - FINANSIERINGSBEHOV**

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre vedtek å auk kostnadsramma for rehabilitering av Ål ungdomsskule med Kr. 4.234.000. Kostnaden vert dekt ved løyving frå utbyggingsfondet.

Handsaming:

Ivar Brevik fremma sitt forslag frå formannskapet om å tilleggsøyve 4.534.000 kroner. Dette vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Ål kommunestyre vedtek å auke kostnadsramma for rehabilitering av Ål ungdomsskule med Kr. 4.534.000. Kostnaden vert dekt ved løyving frå utbyggingsfondet.

Saksnr. 30/07 UTBYGGINGSAVTALE MED ØVRE-ÅLSÅSEN UTVIKLING AS

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre godkjenner framlegg til utbyggingsavtale med Øvre-Ålsåsen utvikling as med følgjande presisering:

1. At utbyggjar Øvre-Ålsåsen utvikling as innan 1. mai 2012 betaler inn sin del av kostnadane ved naudsynt kapasitetsutviding av Ål renseanlegg viss ikkje Øvre-Ålsåsen as velgjer å bygge og drive eige privat renseanlegg for området og får eit slikt anlegg godkjent. Bankgaranti frå utbyggjar må føreligge frå den dagen Ål kommune set i gang utbygginga av Ål renseanlegg.
2. Øvre-Ålsåsen utvikling as skal betale delar av rentekostnadar for utbetringa av Øvre-Ålsvegen for åra 2012-2016 med maksimalt kr 15 000 pr år viss ikkje Statens vegvesen alt har attendebetalt Ål kommune si forskottering av arbeidet.
3. Øvre-Ålsåsen utvikling as er ansvarleg for å inngå avtaler om bruk/vedlikehald av tilgrensande løypenett innanfor Øvre-Ål og Kvinnegardslia løypenemnd.

Handsaming:

Knut Haug og Kåre Magne Holo gikk frå som inhabil. Arild Øystese Hansen tok plass for KM Holo. Kjell Arne Haavaldsen stilte spørsmål om sin habilitet, og vart kjent habil med 20 røyster. 5 (V) røysta for inhabilitet. Det var 24 repr som handsama saka.

Til pkt 1 vart det gitt 1 røyst for innstillinga, medan 23 røysta for alternativet frå STNR og formannskapet : *At utbyggjar Øvre-Ålsåsen utvikling as innan 5 år etter den dagen Ål kommune set i gang utbygging av Ål renseanlegg betaler inn sin del av kostnadane ved naudsynt kapasitetsutviding av Ål renseanlegg viss ikkje Øvre-Ålsåsen as velgjer å bygge og drive eige privat renseanlegg for området og får eit slikt anlegg godkjent. Bankgaranti frå utbyggjar må føreligge frå den dagen Ål kommune set i gang utbygginga av Ål renseanlegg. Rentekostnaden vert føreset dekt som eit tilskot frå næringsfondet.*

Til pkt 2 fremma repr. I.Brevik sitt forslag frå formannskapet:

Ål kommune fråfell kravet om rentebelastning for utbetring av Ø.Ålsvegen.

Dette vart samrøystes vedteke

Pkt 3 vart samrøystes vedteke som innstillinga.

Vedtak:

Ål kommunestyre dispenserar frå retningslinene for utbyggingsavtaler og godkjenner framlegg til utbyggingsavtale med Øvre-Ålsåsen utvikling as med følgjande presisering:

1. At utbyggjar Øvre-Ålsåsen utvikling as innan 5 år etter den dagen Ål kommune set i gang utbygging av Ål renseanlegg betaler inn sin del av kostnadane ved naudsynt kapasitetsutviding av Ål renseanlegg viss ikkje Øvre-Ålsåsen as velgjer å bygge og drive eige privat renseanlegg for området og får eit slikt anlegg godkjent. Bankgaranti frå utbyggjar må føreligge frå den dagen Ål kommune set i gang utbygginga av Ål renseanlegg. Rentekostnaden vert føreset dekt som eit tilskot frå næringsfondet.
2. Ål kommune fråfell kravet om rentebelastning for utbetring av Ø.Ålsvegen.
3. Øvre-Ålsåsen utvikling as er ansvarleg for å inngå avtaler om sambindingssløype frå utbyggingsområdet til tilgrensande løypenett innanfor Øvre-Ål og Kvinnegardslia løypenemnd.

Saksnr. 31/07 PLAN FOR TRAFIKKTRYGGLEIK 2007-2011**Rådmannen si innstilling:**

1. Ål kommunestyre vedtek revidert plan for trafikktryggleik for Ål for perioden 2007-2011, datert 8.5.07.
2. Budsjetthandsaminga kvart år avgjer kor mange av dei prioriterte tiltak som let seg gjennomføre kvart år.
3. Tiltaka som Ål kommune skal gjennomføre åleine er føreset gjennomført i den rekkjefølgje dei er prioriterte i planframlegget.
4. Kommunestyret ber skular og barnehagar følgje opp planens informasjonstiltak årleg.
5. Planen skal reviderast i 2010.

Handsaming:

Kjell Arne Haavaldsen gikk frå som inhabil, og det var 24 repr som handsama saka.

Repr John Storhaug fremma forslag om å oppprioritere med enkle midlar til 2. prior. for pkt 17 og 18 i planen vart samrøystes vedteke.

Repr I.E.Kaslegard la fram forslag om å legge inn i pkt 16 a) Planfri kryssing Nedre Ål skule – nærmiljøanlegget. vart vedteke med 20 røyster. 4 røysta imot at dette skulle takst inn.

Kaslegard foreslo òg at pkt 3.1 nr 12 a og 12 b Hago – Gullhagabrua slås saman att til eitt punkt, og dette falt med 9 røyster for, medan 14 røysta for å dele dette prosjektet i to.

Repr Knut Haug foreslo følgjande tillegg til pkt 2 i vedtaket:

2. Budsjetthandsaming kvart år og *det som står til disposisjon frå tidlegare løyvde midlar... som vart samrøystes vedteke*

Repr Eilif Gundersen fremma følgjande forslag til nytt pkt 6 som vart samrøystes vedteke:

6. *Utarbeide ny skiltplan for Sundre sentrum.*

Vedtak:

1. Ål kommunestyre vedtek revidert plan for trafikktryggleik for Ål for perioden 2007-2011, datert 22.5.07 med rettingar gjort i fellesmøte mellom sektorutval for oppvekst og sektorutval for teknisk, næring og ressurs, fleirtalstilrådinga i formannskapet den 11.juni og korrigeringar som følgje av røystinga i kommunestyret, slik ny prioriteringsliste datert 20.06.07 syner.
2. Budsjetthandsaminga kvart år og det som står til disposisjon frå tidlegare løyvde midlar, avgjer kor mange av dei prioriterte tiltak som let seg gjennomføre kvart år.
3. Tiltaka som Ål kommune skal gjennomføre åleine er føreset gjennomført i den rekkjefølgje dei er prioriterte i planframlegget.
4. Kommunestyret ber skular og barnehagar følgje opp planens informasjonstiltak årleg.
5. Planen skal reviderast i 2010.
6. Det skal utarbeidast ny skiltplan for Sundre sentrum.

Saksnr. 32/07 REKNESKAP OG ÅRSMELDING ÅL KRAFTVERK KF 2006**Rådmannen si innstilling:**

Ål kommunestyre godkjenner årsmelding og rekneskap 2006 for Ål Kraftverk KF med eit overskot på 34.855.359 kroner.

190.178 kr blir avsett til avskrivingsfond.

1.576.752 blir avsett til aksjefond.

Resten av overskotet 33.088.429 kroner blir overført til Ål kommune som utbytte.

500.000 kroner blir avsett til ENØK-fondet og resten 32.588.429 blir avsett til utbyggingsfondet.

Handsaming:

Morten Bogstad måtte fråtre og det var 24 repr som handsama dei resterande saker Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Ål kommunestyre godkjenner årsmelding og rekneskap 2006 for Ål Kraftverk KF med eit overskot på 34.855.359 kroner.

190.178 kr blir avsett til avskrivingsfond.

1.576.752 blir avsett til aksjefond.

Resten av overskotet 33.088.429 kroner blir overført til Ål kommune som utbytte.

500.000 kroner blir avsett til ENØK-fondet og resten 32.588.429 blir avsett til utbyggingsfondet.

Saksnr. 33/07 REVIDERT BUDSJETT 2007 - ÅL KRAFTVERK**Rådmannen si innstilling:**

Dagleg leiar i Ål Kraftverk KF tilrår Styret i Ål Kraftverk KF og formannskapet om å tilrå kommunestyret om å gjere fylgjande vedtak:

Ål kommunestyre vedtek det framlagte reviderte budsjettet for Ål Kraftverk KF for 2007 som viser eit overskot etter skatt på 31.895.900 kroner.

Handsaming:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Ål kommunestyre vedtek det framlagte reviderte budsjettet for Ål Kraftverk KF for 2007 som viser eit overskot etter skatt på 32.300.000 kroner.

Saksnr. 34/07 FELLESKJØKKEN HOL OG ÅL - UTGREIING VEDR MOGLEGE ORGANISASJONSMODELLAR FRÅ 01.05.07**Rådmannen si innstilling:**

1. Ål kommunestyre vedtek at felleskjøkkenet for Hol og Ål blir etablert som eit interkommunalt samarbeid med eit eige styre og som eit eige rettssubjekt etter kommunelova § 27.
2. Ål kommunestyre godkjenner vedtektene for interkommunalt samarbeid om Hol og Ål felleskjøkken (vedlegg 2). Kommunestyret delegerer til rådmannen mynde til å peike ut Ål kommune sin representant i styret.
3. Ål kommune søker det interkommunale samarbeidet registrert i avgiftsmantallet i samsvar med lov om meirverdiavgift § 11, 2. ledd, og søker samarbeidet registrert med eit eige organisasjonsnummer i Enhetsregisteret.
4. Ål kommunestyre tek atterhald om at Hol kommunestyre gjer eit tilsvarande vedtak om samarbeid for felleskjøkkenet.

Handsaming:

Sektorutvalet si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Ål kommunestyre vedtek at felleskjøkkenet for Hol og Ål blir etablert som eit interkommunalt samarbeid med eit eige styre og som eit eige rettssubjekt etter kommunelova § 27.
2. Ål kommunestyre godkjenner vedtektene for interkommunalt samarbeid om Hol og Ål felleskjøkken (vedlegg 2). Kommunestyret delegerer til rådmannen mynde til å peike ut Ål kommune sin representant i styret.
3. Ål kommune søker det interkommunale samarbeidet registrert i avgiftsmantallet i samsvar med lov om meirverdiavgift § 11, 2. ledd, og søker samarbeidet registrert med eit eige organisasjonsnummer i Enhetsregisteret.
4. Ål kommunestyre tek atterhald om at Hol kommunestyre gjer eit tilsvarande vedtak om samarbeid for felleskjøkkenet.

Saksnr. 35/07 STØTTE TIL ETABLERING AV SMÅDYRKLINIKK - VETERINÆRVAKTA I ØVRE HALLINGDAL A/S**Rådmannen si innstilling:**

Ål kommunestyre løyver inntil 20 % av totalkostnaden minus innkjøp av lettomssettlege produksjonsmidlar, avgrensa til kr. 365 000 til Veterinærvakta i Øvre Hallingdal AS til kjøp og etablering av smådyrklinnk i Ål sentrum. Tilskotet blir løyvd frå konto nr. 1.47-- .4000.3252.903 Næringsfond 2007 og utbetalt i samsvar med vedtekne retningslinjer.

Handsaming:

Repr Sverre Mostue la fram forslag om å redusere tilskotet til 80.000 kr
Formannskapet sitt framlegg vart vedteke med 22 røyster, medan 2 røysta for forslaget til
Mostue (2 Frp)

Vedtak:

Ål kommunestyre løyver inntil 20 % av totalkostnaden minus innkjøp av lettomssettelege
produksjonsmidlar, avgrensa til kr. 365 000 til Veterinærvakta i Øvre Hallingdal AS til kjøp
og etablering av smådyrklipp i Ål sentrum. Tilskotet blir løyvd frå konto nr. 1.47--
.4000.3252.903 Næringsfond 2007 og utbetalt i samsvar med vedtekne retningslinjer.

Saksnr. 36/07 EIGARSKAP HALLINGKRAFT 2007**Rådmannen si innstilling:**

Ordføraren får fullmakt til å forhandle om eit sal av aksjeposten i Hallingkraft med sikte på
eit nedslag til 10 %

Handsaming:

Mindretalsframlegget i formannskapet vart samrøystes vedteke:

*Ål kommune nyttar seg ikkje av opsjonen som er inngått i samband med eigarsitsen i
Hallingkraft AS.*

Vedtak:

Ål kommune nyttar seg ikkje av opsjonen som er inngått i samband med eigarsitsen i
Hallingkraft AS.

Saksnr. 37/07 MELDINGAR OG ORIENTERINGSSAKER TIL KOMMUNESTYRET**Rådmannen si innstilling:**

Ingen.

Handsaming:

Kommunestyret tok meldingane til orientering.

Vedtak:

Kommunestyret tek meldingane til orientering.

Rett utskrift Ål den 20.06.2007

Trond Kleppen
(rådmann)